



NYTT

KONTAKT OSS

E-post: tips@jbl.no
Tlf: 400 07 900

SOSIALE MEDIER

Twitter: [@jaerbladet](https://twitter.com/jaerbladet)
Facebook: [jbl.no](https://www.facebook.com/jbl.no)
Instagram: [#jaerbladet](https://www.instagram.com/jaerbladet)

Aldri før har Prima Jæren tatt imot meir slakt

Nortura og Prima Jæren har hatt stor vekst sidan dei inngjekk samarbeid i 2014. No planlegg dei eit felles slakteri som skal bli det største i landet.

NÆRINGS LIV: Lufta er kald, og svine- og storfeskrottane heng tett. Arbeidarar i kvite dressar og med solide hanskar på nevane, handterer kvasse knivar. I store plastbaljer ligg biffar, nakkeko-telettar og entrecotar. Snart skal dei merkjast med Prima Jæren sitt eige stempel og sendast ut på marknaden.

- Produserer mat som folk betaler for

I 2014 kjøpte Nortura opp Prima Jæren sitt slakterianlegg i Kviamarka. Like lenge har Prima

Jæren slakta storfe ved Nortura sitt anlegg i Egersund, og svin og sau hjå Nortura på Forus. Dagleg kjem store bilar kjørande til Kviamarka for å levera nyslakta dyreskrottar til kjøttkonsernet.

Hjå Prima Jæren og Nortura er det ingen tvil om at dei to slakteria gjorde det einaste rette då dei starta samarbeidet.

- Dei faste kostnadane er omlag dei same, men effektiviteten er blitt mykje når me no slaktar for Prima Jæren i tillegg. Dette er vinn-vinn for oss begge, seier Torgeir Erfjord, regionsjef i Nortura.

For Prima Jæren inneber nedlegginga av slakteriet at dei no kan konsentrera seg endå meir om det dei ønskjer å gjera; nemleg å utvikla det ferdige kjøttproduktet.

- Me produserer ikkje kjøtt for at det skal vera så billeg som mogleg. Men me ønskjer å skapa ein meirverdi slik at varene blir selde i marknaden til ein høgast mogleg pris. Målet er laga mat som folk betaler for, og som gir verdiar tilbake til produsentane våre, seier Anbjørn Øglend, gründer og dagleg leiar i Prima Jæren.

Slaktemengda har auka både hjå

Fakta

Prima Jæren

Kjøttkonsern som held til i Kviamarka ved Nærbø.

Hadde før også ei avdeling i Stokkelandsmarka ved Vigrestad. Men sidan i fjor har alt vore samla under eit tak i Kviamarka.

Har 130 tilsette.

Tek årleg imot cirka 20.000 tonn kjøtt frå okse, gris og sau.

480 produsentar leverer til Prima Jæren.

Prima Jæren og Nortura etter at dei etablert samarbeidet. - For oss er det eit tydeleg bevis på at me gjorde det rette, slår Øglend fast.

Prima Jæren slakta i fjor nærare 9,8 millionar kilo. For 2017 er planen å koma opp i 10,6 millionar kilo, noko som inneber ein auke på ni prosent.

Planlegg slakteri i milliardklassen

- Me held til i det mest aktive området landet når det gjeld husdyrhald. Tala på husdyr i distriktet aukar, noko som også syner igjen i tala våre, seier Torgeir Erfjord, regionsjef i Nortura med ansvar for alt arbeid som blir gjort ut mot bonden.

Slakteria på Sør-Vestlandet har sidan 2014 hatt ein vekst på totalt 6,5 prosent. Størst har veksten vore i Prima Jæren der talet er 7,9



TRAVELT: Det går unna i hallane ved Prima Jæren, som i fjor slakta nærare 9,8 millionar kilo.

FOTO: BRIT ROMSBOTN

Me produserer ikkje kjøtt for at det skal vera så billeg som mogleg. Men me ønskjer å skapa ein meirverdi slik at varene blir selde i marknaden til ein høgast mogleg pris

Anbjørn Øglend